



Arkivnr: 2014/598-12

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.04.2015

Fylkeskommunale gardsbruk - fordeling av investeringsmidlar 2015

Samandrag

I budsjettet for 2015 er det løyvd 1 million kroner til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk. Fylkeskommunen har 3 gardsbruk som er aktuelle for å få tildelt midlar. Det er Stend vgs., Voss Jordbruksskule og Hjeltnes vgs. Med utgangspunkt i søknadane som er motteke, rår ein til at det vert løyvd 430 000,- kroner til kjøp av utstyr og tak over gjødselskum ved Stend vgs, 350 000 kroner til kjøp av utstyr ved Voss jordbruksskule og 220 000,- kroner til frukthage ved Hjeltnes vgs.

Forslag til vedtak

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	65802000	02320	06923	Stend vgs, - Kjøp av utstyr / utbetring tak	430 000	
10	65902000	02320	06924	Voss jordbruksskule - Kjøp av utstyr	350 000	
10	65702000	02320	06925	Hjeltnes vgs – Frukthage	220 000	
10	77202900	02320	06999	Jordbruksskullegarder m.v. - Samleløyving		1 000 000
				1 000 000	1 000 000	

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Vedlegg: Søknader

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.03.2015

Fylkeskommunen har 3 gardsbruk i drift ved følgjande skular:

- Stend vgs.
- Voss jordbruksskule
- Hjeltnes vgs.

Det er i budsjettet for 2015 løyvd 1 million kroner til investeringar ved gardsbruka. Dei tre gardsbruka har sendt søknad om midlar til ulike tiltak knytt til utstyr, bygningar og uteområde. Samla er det søkt om midlar som overstig den ramma ein har til disposisjon. Ein rår til at skulen sine eigne prioriteringar vert lagde til grunn.

Stend vgs.

1. Tak over gjødselskum

Dagens kum er open og samlar nedbør. Skulen har i fleire år ønska seg tak over kummen, mellom anna av omsyn til at alt vatnet tar opp deler av kapasiteten. Entreprenøren ein har rammeavtale med, har gjeve tilbod på nytt tak til knapt 170 000,- kroner. Ein rår til at tiltaket vert prioritert.

2. Vendeplog

Ei oppgradering av utstyret til plogging vil gjere at arbeidet går fortare og ein får mindre etterarbeid. Skulen har innhenta prisar på 3-skjærs vendeplog, og kostnaden ved ein ny er rekna til om lag 130 000,- kroner. Ein rår til at dette vert prioritert.

3. Steinsamlar

Jorda på skulen har frå naturen si side eit høgt innhald av stein. Dette gjeld også for dei områda som er tilbakeført til jordbruksformål frå andre formål, i hovudsak avfallsdeponi. Ein treng difor utstyr for å fjerne småstein frå jordene. Der har vore dialog med skulen, og skulen er innstilt på eit spleiselag for å få råd til dette utstyret. Ein rår difor til at skulen får ei tilskot på om lag 120 000, kroner til innkjøp av steinsamlar.

4. Samla rår ein til at skulen for ei løyving på 0,43 million kroner til ovannemnde tiltak.

Voss Jordbruksskule

1. Skiveslåmaskin utan stengelknusar og samlerive for gras

Skulen leiger i dag slåtteutstyr som ikkje er optimalt tilpassa i forhold til skulen sine behov. Skulen ynskjer difor å prioritere kjøp av skiveslåmaskin. Dette er utstyr som er eigna til formålet og som elevane kan handtere og bruke i praktisk opplæring. Det er ikkje henta inn prisar men ein legg til grunn at samla kostnad vert om lag 150 000 kroner.

2. Truck

Truck er nødvendig for å få til ein god utnytting av nytt reiskapslager og kjølerom. Pris vil avhenge av kvalitet / alder på truck med utstyr. Ein legg til grunn at utstyret ikkje bør være for gammalt og av relativt god kvalitet. Truleg tilseier det ein pris mellom 150 000,- - 200 000,- kroner.

Samla rår ein til at skulen får ei løyving på 350 000,- kroner til kjøp av utstyr.

Skulen har i utgangspunktet og prioritert kjøp av liten traktor med frontlastarmontasje. Ved nærmare undersøking syner det seg at eksisterande traktor til formålet likevel kan reparerast og ein er difor blitt einig om at dette ikkje er prioritert formål i år.

Hjeltnes vgs.**1. Frukthage**

Arbeidet med mogleiksstudiet ved skulen syner at vist at ein gjennom flytting av delar av produksjonsfelt kan oppnå betre produksjon. Dei planlagde nye felta vil og ha ei meir sentral plassering i forhold til undervisninga. Før ein kan ta i bruk nye felt må ein rydde og opparbeide områda. Skulen ser for seg at dette kan gjerast over to år, med ein samla kostnad på om lag 410 000,- kroner. Erfaring tilseier at ein må ta høgde for at det kan skje noko uføresett undervegs med tilhøyrande kostnadar. Ein rår til at skulen får løyvd 220 000,- kroner til tiltaket i 2015.